



Innovasjon Norge Rogaland
Postboks 8034
4068 STAVANGER

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Oppdragsbrev 2016 - strategisk bruk av dei bedriftsretta landbruksmidlane

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har, i supplerande tildelingsbrev 2016, gitt Fylkesmannen i Rogaland i oppgåve å formidle signal om den strategiske bruken av dei bedriftsretta landbruksmidlane Innovasjon Norge Rogaland forvaltar. Dei strategiske føringane blei allereie gitt i brev av 14. oktober 2015 og 17. desember 2015. I så måte representerer ikkje dette brevet noko nytt, kva gjeld dei strategiske føringane, men er meir å sjå på som det formelle oppdragsbrevet for 2016.

LMD har i oppdragsbrev til Innovasjon Norge også gitt dei regionale løyvingane. For Innovasjon Norge Rogaland er ramma for tildelte midlar 40,31 mill. kroner i 2016.

Fylkesmannen i Rogaland er tildelt 4,80 mill. kroner til sitt arbeid med utvikling og tilrettelegging.

Handsaminga av enkeltsøknadar skal vere i samsvar med «Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket», fastsett 19. desember 2014. *Regionalplan for landbruk i Rogaland* gir dei viktigaste strategiske føringane for bruken av midlane. Det er viktig at midlane blir nytta slik at dei utløyser regionale fortrinn og potensial for næringsutvikling knytt til heile breidda av landbruket sitt ressursgrunnlag. Midlane er eit viktig økonomisk verkemiddel for å nå målet om auka produksjon og verdiskaping i landbruket.

Midlane kan gis;

- *som støtte til investeringar med mål om å oppretthalde eit variert landbruk i heile fylket, gjennom å bidra til etablering, oppgraderingar og modernisering av driftsapparat, eller*
- *til utvikling av landbruksbaserte næringer.*

Innovasjon Norge Rogaland skal forvalte midlane i samsvar med tiltaksområda i forskrifta;

- etablering av ny verksemd
- bedriftsutvikling
- investeringar i produksjonsanlegg
- investeringar i økologisk fruktdyrking
- Investeringar i samband med generasjonsskifte.

Grunna den ekstraordinære situasjonen i 2015 der midlane i realiteten blei oppbrukt alt i juni, blei hovudføringane for 2016 allereie formidla i oktober og desember 2015. Dei strategiske føringane er godt forankra i den regionale partnerskapen. Partnerskapen har lagt til grunn at midlane skal brukast slik at måloppnåinga blir størst. Det overordna landbrukspolitiske målet i Rogaland er å styrke og auke produksjonen av mat. Desse er dei viktigaste måla som dei bedriftsretta midlane skal vere med å oppfylle:

- Eit variert og aktivt landbruk i heile fylket
- Landbruket i Rogaland skal halde oppe husdyrproduksjonen i sentrale område og styrke husdyrproduksjonen i distrikta.
- Mjølkeproduksjonen i distrikta blir vidareført med minst same volum som for år 2010
- Beitebruken av både småfe og storfe skal auke, målt som beitande dyr og produsert mengde kjøt.

2016 blir eit år der det skal satsast spesielt på storfeproduksjonen – først og fremst på nye mjølkekufjøs, men også på ammekufjøs. Då vi over mange år har prioritert sauenæringa, og det er tilnærma marknadsbalanse når det gjeld saue- og lammekjøt og ein viss fare for overproduksjon, skal det ikkje gis investeringsmidlar til sauehus. Det skal heller ikkje gis midlar til kraftfôrbaserte produksjonar (fjørfe og gris) og pelsdyrnæringa. Vidare skal arbeidet med betre vasskvalitet intensiverast gjennom tilskot til nye gjødsellager på gardsbruk i nedslagsfelta til prioriterte vassdrag.

Konkrete føringar for Innovasjon Norge Rogaland

Regionalplan for landbruk i Rogaland med oppfølgjande handlingsprogram, gir ramma for landbruksbasert næringsutvikling generelt, og bruken av dei bedriftsretta midlane spesielt. Overordna føringar for dei prosjekt Innovasjon Norge Rogaland skal gi tilskot til, er at tilskota har klar effekt for lønsemda i prosjekta og at kunden har tilstrekkeleg kompetanse og profesjonalitet. Større satsingar skal prioriterast framføre mange små enkeltprosjekt. Ved vurdering av enkeltprosjekt kan Innovasjon Norge Rogaland også legge til grunn totaløkonomien på gardsbruket, og i dette også det totale ressursgrunnlaget og lokaliseringa av dei disponible areala.

Distrikta skal prioriterast og 70 % av midlane skal nyttast utanom dei *sentrale områda* på Jæren. Område som ikkje definerast under sentrale område er det vi kallar høg-Jæren og indre deler av Gjesdal kommune. Innovasjon Norge Rogaland skal i behandlinga av søknadar, ta utgangspunkt i kor driftssenteret ligg. Nye kufjøsprosjekt i distrikta skal ha særleg høg prioritet og Innovasjon Norge Rogaland skal praktisere høg utmåling av tilskot til desse prosjekta, gitt at også andre føresetnader er oppfylte. I slike prosjekt er det også viktig at prosjekta er godt tilpassa garden sitt tilgjengeleg ressursgrunnlag.

I Rogaland er det eit mål at mjølkeproduksjonen i distrikta blir vidareført med minst same volum som for år 2010. Områda utanom region Jæren har i dag om lag 35 % av den samla mjølkeproduksjonen i fylket. I distrikta set dei naturgitt føresetnadane ofte klare grenser for realisering av store nye kufjøs, både av økonomiske og praktiske årsaker. Av desse grunnar skal nye kufjøsprosjekt i distrikta ha særleg prioritet.

I sentrale område på Jæren er det naturgitt enklare å skaffe fôr- og arealgrunnlag til drift av store kufjøs og høve til å ta ut stordriftsfordeler ved investering i nyanlegg. Vi har fleire døme på at store fjøs også gir stordriftsulemper – spesielt knytt til alt arbeidet ute, noko som til sist også gir lågare lønsemd enn planlagt. Det er viktig at det på Jæren blir bygd nye kufjøs og at både bygga og produksjonsomfanget i størst mogleg grad er tilpassa naturlege føresetnadar – noko som også gir

akseptabel prosjektøkonomi. For det første ser vi det som naturleg at det meste av fôrarealet er eigd eller leigd i kort avstand frå nyfjøset. Vidare er det viktig at bygga blir plassert slik at det ligg godt til rette for aktivt beitebruk.

Også nye ammekufjøs utanom dei sentrale områda på Jæren skal ha prioritet. Generelt for nye fjøs er at dei skal plasserast slik at det ligg godt til rette for aktiv beitebruk. Ordninga med inntil kr 150 000 i ekstra tilskot ved investering i ny driftsbygning av massivtrekonstruksjon, blir ført vidare.

Det blir innført søknadsfrist 1. mars for landbruksbedriftene i dei sentrale områda på Jæren. For andre deler av fylket er det ikkje søknadsfrist.

Kriterieordninga for etablering og vidareutvikling av frukthagar blir vidareført, medan kriterieordninga for nye juletreprodusentar går ut frå og med 2016. Det er etablert ei ny kriterieordning for miljøtiltak gjeldande frå og med 2016. Innovasjon Norge Rogaland kan i 2016 bruke inntil 2 mill. kroner til bygging av nye gjødsellager, omfatta av kriterieordninga. Søknadsfristen for miljøordninga er 1.mai.

Landbruket i Rogaland har stort potensiale i både å produsere og gjere seg nytte av fornybar energi frå landbruket. Det er sentrale ordningar for bioenergi frå skogbruket og det er gitt konkrete regionale føringar for bioenergi i m.a. Strategi med handlingsplan for skogbasert bioenergi i Rogaland. I åra som kjem er det også viktig å ha merksemda retta mot etablering av biogassanlegg og bruk av biogass. Landbruket i Rogaland bør satse meir på miljøteknologi – eit område Innovasjon Norge både har kompetanse og tenester innan. Store deler av næringslivet i Rogaland har krevjande tider. Landbruket bør bidra til auka verdiskaping og fleire arbeidsplassar også innan nye landbruksbaserte næringar.

Rapportering

Innovasjon Norge Rogaland skal innan 1. februar 2017 sende eigen rapport til Fylkesmannen i Rogaland, på bruken av midlane i fylket for 2016.

Kontroll

Innovasjon Norge Rogaland står for utbetaling av midlane til dei som mottok tilskot. Det skal først rekneskap der det til ei kvar tid går fram informasjon om tilskotsmottakarane, ansvar for løyvde midlar, avsetningar i tapsfond og utbetalningar under ordninga. Det skal vere etablert tilstrekkeleg gode kontrollsystem og – rutinar, både internt hjå Innovasjon Norge Rogaland og ovanfor tilskotsmottakarane.

Ved sida av Innovasjon Norge kan LMD, Fylkesmannen i Rogaland og Riksrevisjonen gjennomføre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadane. Fylkesmannen i Rogaland, eller andre som er peika ut av LMD, kan kontrollere at Innovasjon Norge Rogaland forvaltar ordninga slik det er fastsett i brevet.

Kalender

1. Innovasjon Norge Rogaland skal innan 1. februar 2017, sende rapport om bruken av midlane i 2016 til Fylkesmannen i Rogaland, med kopi til den regionale partnerskapen. Rapporten skal omfatte vurdering av verkemiddelbruken i forhold til m.a. føringane i dette brevet.
2. Fylkesmannen i Rogaland skal innan 28. februar 2017, sende rapport om bruken av midlane i 2016 til LMD, med kopi til Innovasjon Norge.
3. Innovasjon Norge Rogaland skal, innan 15. august 2016, sende rapport til Fylkesmannen i Rogaland som viser bruken av midlane så langt i året. Denne midtvegsrapporteringa kan gjerast i ei noko enklare form.

Innovasjon Norge Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Rogaland Bondelag, Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Rogaland Skognæringsforum og Fylkesmannen i Rogaland, utgjør ein viktig regional landbrukspartnerskap i Rogaland. Utfordringane og moglegheitene for landbruket er mange og fortsatt godt samarbeid mellom desse - blir endå viktigare for å sikre eit framtidig konkurransekraftig og attraktivt landbruk i fylket.

Vi vil elles gi Innovasjon Norge Rogaland ros for god måloppnåing på landbruksområdet i 2015 og ser fram til samarbeidet også i 2016.

Med helsing

Geir Skadberg
kst. landbruksdirektør

Sissel C. Endresen
kst. ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

—
Saksbehandlar: Geir Skadberg
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 92
E-post: fmrogsk@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
Innovasjon Norge	Pb. 448	0104	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Rogaland Skognæringsforum			
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	Oslo
Rogaland Bonde- og Småbrukarlag			